

# ***Informasjon frå Helsedirektoratet til innbyggjarane om behandling av korona med tablettar***

## **Behandling av korona med tablettar**

Viss du har høg risiko for å bli alvorleg sjuk av korona, kan det vere aktuelt at du får behandling med tablettar.

Tablettane, som heiter Paxlovid, reduserer risikoen for å bli alvorleg sjuk.

Det er viktig at behandlinga med tablettar startar tidleg. Viss du har høg risiko for å bli alvorleg sjuk og får luftveissymptom, bør du teste deg for korona.

### **Kven vil ha nytte av tablettar?**

Det er særleg tre grupper som vil ha nytte av behandling med Paxlovid-tablettar:

- Dei som har alvorleg immunsvikt
- Dei som er over 65 år, ikkje har fått vaksine dei siste seks månadene og har ein alvorleg sjukdom. .
- Alle som er over 80 år

### **Kva skal du gjere viss du får luftvegssymptom?**

Luftvegssymptom er først og fremst tett nase, hoste og sår hals. Ofte har du og feber eller vondt i hovudet.

Viss du har høg risiko for å bli alvorleg sjuk av korona og får luftvegssymptom, bør du ta ein sjølvtest kvar dag - i inntil fire dagar.

Viss sjølvtesten viser at du har korona, bør du kontakte fastlegen din eller legevakt.

Viss testen ikkje viser at du har korona, kan du vente med å kontakte fastlegen.

Viss symptoma blir verre, bør du kontakte lege, sjølv om sjølvtesten ikkje viser at du har korona.

### **Kven har høg risiko for å bli alvorleg sjuk?**

Du har høg risiko for å bli alvorleg sjuk av korona viss:

- Du har alvorleg immunsvikt. Til dømes fordi du har beinmargskreft eller lymfekreft og får medisinar som slår ut immunforsvaret.
- Du er over 65 år, du har ikkje fått vaksne dei siste seks månadene, og du har ein alvorleg kronisk sjukdom. og
- Du er over 80 år
- Du er over 50 år og har aldri har tatt koronavaksine.

[Meir informasjon om kven som har høg risiko og kva du skal gjere viss du blir sjuk finn du på Helsenoreg](#)

Behandling med tablettar erstattar ikkje vaksine. Det beste du kan gjere for å ikkje bli alvorleg sjuk av korona er å ta koronavaksine.